

ÅRSMELDING 2016 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ut frå «lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m» §7 leggja fram årsmelding for kommunestyret for verksemda si.

I kommunestyresak 157/15 vart rådet samansett slik:

Medlem:	Varamedlem
1.Mette Storebø	1.Klara Hellesøy
2.Hilde Elisabeth Klepsvik	2.Geir Arne Drivenes
3.Helge Vestrheim	3.Øystein Østervold
4.Linda Rabben - NFU	4.Kari Berge Jørgensen
5.Anne Cathrine Bergsbakken	5.Mental helse – ingen vara

Leiar: Hilde Elisabeth Klepsvik
Nestleiar: Linda Rabben

Politisk valde:

Medlemar:

1. Mette Storebø
2. Hilde Elisabeth Klepsvik
3. Geir Johannessen (frå 16.06.2016)

Varamedlemar:

1. Klara Hellesøy
2. Geir Arne Drivenes
3. Øystein Østervold

I kommunestyresak 093/16, 16.06.2016, fekk Helge Vestrheim fritak som medlem i rådet og erstattar vart **Geir Johannessen**.

Ut frå lova skal rådet har personlege varamedlemmar. Dette har vore lite gunstig for rådet. Slik at i same sak, 093/16, innførte kommunestyret ordning med oppnemning av varamedlemmar i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38 a- avtalevalg. Dette gjeld for dei som er oppnemnd av kommunestyret.

I § 6 i lova står det at kommunestyret skal oppnemna leiar og nestleiar,men i kommunestyresak 157/15 vedtok kommunestyret at rådet sjølv vel leiar og nestleiar.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt 7 møter i 2016 og hatt 35 saker til førehaving. I tillegg har rådet drøfta saker uformelt utan at det er gjort konkret vedtak, spesielt under det faste punkt «politisk kvarter».

Elles har rådet etter behov inivitert ordførar, rådmann, kommunalsjefar og andre , for å informera/orientera om kva som skjer i kommunen, og elles om saker på dagsorden i rådet. Denne informasjonen er nyttig for rådet.

Rådet vil merka at dei bør involverast tidlegare i saker som gjeld planarbeid og endringer/utbygging av kommunale bygningar.

Sekretærfunksjonen har vore delt. Edith Rivenes Vik frå helseservicekontoret har vore til stades i møtene som referent. Norunn Storebø frå servicekontoret er bindeledd mellom leiar og har bl.a. med saker til dagsorden og utsending av innkalling/saksdokumenta til medlemmane.

Av viktige saker rådet for menneske har handsama i 2016 kan nemnast;

- uttale til rammeløyve – helsehuset
- lærings- og habiliteringssenter
- omsorgsbustader ved sjøfronten på Storebø
- bygging av omsorgsbustader – privat initiativ
- prosedyre – kriteriar for ATA-VTA plassar
- uttale til rammeløyve – tilbygg Bekkjarvik fus barnehage
- kommunale beredskapsplanar
- finansiering av Austevoll svømmehall/innspeil til symjehall og basseng Trolandshamar
- delegeringsreglement for Austevoll kommune
- budsjett 2017 - økonomiplan 2017-2020